



Saksframlegg

Søknad tilskot frå Næringsfondet

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Søknad om tilskot frå næringsfondet - fotograf Kristine Slyngstad

Bakgrunn for saka:

Fotograf Kristine Slyngstad driv enkeltmannsføretak med organisasjonsnummer 925406139. Søkjar har flytta tilbake til Fyresdal (meldt Folkeregisteret) og er i gang med å etablere seg som profesjonell fotograf med fleire bookingar i tida som kjem. Det er ei blanding av faste oppdrag på månadleg basis og ad-hoc oppdrag som bryllaup, portrettfotografi og andre prosjekt.

For å levere god kvalitet og vere konkurransedyktig som fotograf treng Kristine Slyngstad å gjere nokre investeringar i nytt utstyr som samla sett utgjer 71 100 kroner. Det er Canon kamera og objektiv med tilbehør som utgjer investeringskostnaden.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for næring og arbeidsliv der Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling.

I tillegg ligg reglane for bruk av næringsfondmidlane vedteke kommunestyret i Fyresdal 28.01.2016 – sak 2015/631 til grunn for vurderinga.

Organisasjonsnummeret til Fotograf Slyngstad er førebels registrert i Trøgstad. Ved å melde flytting i Folkeregisteret vil organisasjonsnummeret fylgje adressa slik at organisasjonsnummeret vil få adresse i Fyresdal. Dette er allereie iverksett og ligg som vedlegg til saka.

Fotograf Kristine Slyngstad kan vise til gode referansar med sin aktivitet som fotograf så langt. Blant anna har ho vore med på Finnmarksløpet som i seg sjølv er ein stor bragd då dette er ein av dei tøffaste konkurransane i Norge. I tillegg viser Instagramkontoen svært gode bilder og god

bredde i type fotografi. Dette viser med andre ord eit godt potensiale for å lukkas med å skape sin eigen arbeidsplass rundt fotografering.

Søknaden bør vurderast som eit etablerartilskot og følgje praksis i liknande saker som er å gje eit på 40 000 NOK.

Konklusjon:

Søknaden fell godt innfor samfunnsplanen og kan bidra til andre næringar i bygda. Spesielt ser vi behov for profesjonell fotografering innan reisemålssatsinga. Etableringa fell også godt innfor reglane for bruk av næringsfondet og ein ynskjer derfor å stø Fotograf Kristine Slyngstad med eit etablerartilskot på 40 000 kroner.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver 40 000 i etablerer tilskot til Fotograf Kristine Slyngstad (925406139) Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond med saldo 232 000 pr 21 september 2025.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Gerd Straume
	næringssjef